

Eg merka meg framstillinga som skal ha blitt gjeven i pressemelding frå Festidalen, og som er referert på uskedalen.no.

Eg ser at Vidar Haugland har gjort det same, og han kjem på denne bakgrunnen med nokså ekle karakteristikkar av folk

Det kan ikkje utelukkast at andre har same kjensler som han, og for å unngå spekulasjonar om kva grunneigarar som innehar dei eigenskapane Vidar tillegg oss, vil eg for min del gjera det klart at eg er ein av dei.

Det andre eg vil gjera heilt klart er at eg er tilhengjar av Festidalen, og ynskjer Festidalen alt godt. Eg gjorde representantane for Festidalen kjent med at eg tykte konsert på Låganåso var eit svært godt tiltak, og at dèt naturlegvis var heilt i orden. Nokon ekskursjon i regi av Bergen turlag eller den lokale venstretalsmannen var eg på den andre sida ikkje innstilt på.

Eg kjem ikkje til å gå i nokon polemikk om grunnen til dette, ut over å visa til at eg gjennom ei sak for eit kraftverk lengre inne i kommunen i perioden 2007-2009 fekk urovekkjande god innsikt i arbeidsmetodane til både turlaget og delar av partiet Venstre, i deira kontinuerlege arbeid forå stogga produksjon av rein og fornybar energi.

Eg minnest til dømes godt at vi laut be det aktuelle partiet vera gildt å i det minste ha bilete av korrekt vassdrag på sine nettsider.

På denne bakgrunnen hadde eg ingen illusjonar om kva konsertdagen ville bli brukt til frå turlagets og den lokale venstrepolitikarens side.

Dette til orientering.

Bjarte Døssland